

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
--	-----------------------------	-----------

OFFENTLEGE

(nummerering fortsetter ifrå vurderinga av innspel til oppstart)

O8	Direktoratet for mineralforvaltning	Ikkje motsegn. 1. Planomtalen gjer ikkje greie for råstoffutvinninga i kommunen. Det bør bli gjort nærmare greie for eksisterande uttak og korleis det dekker opp om behovet for byggeråstoff i kommunen. 2. 3 registrerte uttak i Sykkylven. Hundeidvik, Andestad pukkverk og Riksheim. DMF hei iei levetidsanalyse for byggeråstoff som viser at Sykkylven har god tilgang på både lausmassar og fast i lang tid framover. Analysen er basert på driftsrapportering frå uttaka som er i drift. Dette kan vere relevant informasjon å vise til i ei utgreiing av råstoffutvinning i planen. Konsekvensutgreiing 3. Berre eit innspelsområde rører ved ein grusforekoms registrert av NGU utan betydning. Området BU2 Velledalen er rekna som lite eigna for uttak på grunn av stor grad av bustadbygging og jordbruk. Området BU3 Hundeidvik ligg i nærheten av grusforekomsten Hundeidvik som har regional betydning. Kommunen vurderer at området ligg utanfor registrerte grusressursar, og at konsekvensen dermed er liten. Merknad til plankart/Føresegner 4. Det er lagt inn eigne føresegner for omsynssone H590 for mogleg drivverdige råstoffressursar. Samtidig er det òg lagt inn føresegn for omsynssone H190 som og skal gjelde for mineralressursar. Dette er og nemnd i planomtalen. På plankartet er det berre sone H190 som er merka av. DMF presiserer at det er H590 etter plan og bygningsloven § 11-8 c)4 som er den riktige koden for omsyn til mineralressursar, og at det ikkje er naudsynt å ha to ulike omsynssoner for mineral.	1. Planomtalene er oppdatert med informasjon om råstoffutvinning kap. 5.15. 2. Kommunen får berre opp at det er 2 masseuttak i drift i Sykkylven, Hundeidvik og Andestad pukkverk. Riksheim er registrert som avvikla/nedlagt. Det er tatt inn informasjon om dei 2 masseuttaka i drift i planomtalen i kap. 5.15. 3. Informasjon er tatt med i KU ved 1.gongs høyring. 4. Omsynssone H190 er tatt ut av føresegnene og plankartet. Omsynssone i plankartet er byttet til H590.
----	-------------------------------------	--	--

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
O9	NVE	Motsegn. NVE har motsegner (jf. pbl § 5-4) til planen knytt til: -manglande avklaring av reell fare på siste plannivå. -manglande og motstridande dokumentasjon på aktsemdsområde for skred i bratt terreng. -manglande omsyn til fare for flaum og erosjon. -manglande omsyn til vassdragsmiljø. -manglande omsyn til energianlegg. ROS-analysen: 1. KU manglar mellom anna tema knytt til grunnforhold for store delar av kommunen. NVE rår til å oppdatere vurderingane for framtidige utbyggingsområde. 2. NVE rår kommune til å vurdere alle nye utbyggingsområde med omsyn til mogleg og reell fare og sikre at reell fare er avklara på siste plannivå. Alle nye område for spreidd utbyggin er innanfor moglege fareområde, utan at det er sett plankrav før utbygging. Bruk av omsynssone H910 – Vidareføring av reguleringsplanar 3. NVE ber komunen om å klargjere bruken av omsynssona i kommuneplanen sin arealdel. Dei tek atterhald om motseng til bruk av omsynssone H910 inntil kommunen har klargjort bruken. Naturfare: 4. I planframlegget står det at kommunen har nytta aktsemdkart for snøskred og steinsprang (NGI) og aktsemdkartet for jord- og flaumskred som omsynssone skredfare. Desse aktsemdkarta er i framlegg til føresegner gitt omsynssone H310_3 og H310_4. I teiknforklaringa til plankartet står det at	Motsegnene ikkje retta mot arealbruksendringar, men er knytt til manglar ved korleis omsyn til ulike fare-/risikotilhøve er innarbeida og dokumentert i plandokumenta. NVE gir fyldig og god forklaring til bakgrunn for motsegnene, og korleis desse kan rettast. Ros-analysen/spredd utbygging 1. For nye byggeområder der grunnforhold er eit moment er dette tatt inn i konsekvensutgreiinga. 2. Det er sett krav til at nye område med LNF-spredd som ligg innanfor aktsemdsoner for naturfare får eit plankrav knytt til seg. Sjå føresegnene § 5.1. Generelt har dei andre byggeområda eit krav om reguleringsplan før bygging/frådeling. Bruk av omsynssone H910: 3. Kommunen synes å ha misforstått bruken av omsynssone H910 i kommuneplanen. Slik kommunen har brukt denne sona er å vise kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Slik kommunen no forstår det så skal sone H910 nyttast der reguleringsplanar skal gjelde uforandra, sjølv med motstridande føresegner/arealformål i kommuneplanen. Kommunen har difor tatt ut bruk av sone H910 i kommuneplanen og heller presisert i § 9 i føresegna at: <i>«Vedtatte reguleringsplanar innanfor kommuneplanområdet skal framleis gjelde så langt regulerte planformål ikkje er i motstrid med planformålet i kommuneplanen. I dei tilfella gjeld kommuneplanen føre. Kommuneplanen utfyller reguleringsplanar på punkter der reguleringsplanen er taus.»</i> 4. Kommunen har sett på alle omsynssoner for naturfare i kart og føresegner på nytt og «rydda opp». Kommune fekk tilsendt frå NVE ei samlesone for jord- og

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	omsynssone H310_4 viser aktsemdområde for marin leire. I framlegg til føresegner er omsynssone H310_2 definert som aktsemdsone for områdeskred. Så langt vi kan sjå er ikkje omsynssone H310_2 med i framlegg til plankart. Det er manglande samsvar mellom plankart, føresegner og eventuelle andre plandokument som må rettast opp. Fråvær av aktsemdområde for jord- og flaumskred i plankartet er ein mangel som er grunnlag for motsegn frå NVE. Manglande samsvar mellom føresegner og plankart, samt manglande omsyn til aktsemdkartet for jord- og flaumskred, er vesentlege manglar ved planframlegget og må rettast opp. NVE rår også til at grunnlaget for aktsemdområda for skred i bratt terreng vert oppdatert med nytt aktsemdkart for snøskred. NVE har motsegn til planframlegget inntil det er tatt omsyn til aktsemdkart for jord- og flaumskred, og manglande samsvar mellom plankart og føresegner er retta opp. 5. I regi av NVE er det gjennomført skredfarekartlegging i bratt terreng for utvalde område i Sykkylven kommune, jf. NVE rapport 34/2015 og faresonekart på NVE Atlas. I planframlegg skal fareområda vere regulert med omsynssone H310_1_100, H310_1_1000 og H310_1_5000 med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 før utbygging. Så langt vi kan sjå er omsynssone H310_1_5000 ikkje med i plankart med teiknforklaring. NVE rår til at plankartet også viser omsynssone H310_1_5000, men er elles nøgd med måten fareområda er tatt omsyn til i planframlegget. Fare for flaum og erosjon: 6. NVE kan ikkje sjå at aktsemsone for flaum H320_2 er tatt inn i plankartet. Dette er ein mangel som må rettast opp.	flomskred, steinsprang og ny sone for snøskred S3. Denne sona er kalla H310_2 Aktsemdsone ras- og skredfare. NVE sitt forslag til ordlyd i føresegna er tatt inn. 5. For faresone for skred i bratt terreng har kommunen vurdert at å dele opp tryggleiksklassene i 3 ulike soner i plankartet vil vere lite lesbart for forståeleg i kommuneplankartet. Kommunen har derfor slått saman dei tre sonene til ei som viser utbreiinga til tryggleiksklasse 1/5000. Denne sona er kalla H310_1 Faresone ras- og skredfare. I føresegna er det klargjort at sonene til dei ulike tryggleiksklassene er nærare definert i NVE rapport 34/2015 og på NVE sine sider. Det er vidare stadfesta kva som gjeld innanfor dei tre tryggleiksklassene. Sykkylven kommune vurderer dette vil vere ei tilfredstillande framstilling og sikring av faresoner frå skred i bratt terreng i kommuneplanen. Fare for flaum og erosjon: 6. Aktsemdsone for flaum har no fått namn H320_1 Aktsemdsone flaum og er lagt inn i plankartet. Grunnlaget er henta frå NVE. 7. Bekker og elver som er omfatta av NVE sitt aktsemdkart for flaum er tatt inn i omsynssone H320_1. For mindre bekker og elver som ikkje ligg i NVE sitt aktsemdkart er det i føresegna § 2.1.6 presisert at det er ei sone på 20 meter på kvar side av bekk og elv der det ikkje kan tillatast tiltak i tryggleiksklasse F1-F3 eller reguleringsplan før det føreligg ei fagkunnig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkelig tryggleik. Kommune har bevisst brukt «sone» og ikkje «byggegrense» knytt til føresegn om krav om flaumutgreiingar for å unngå forvirring og missforståingar knytt til byggegrensa som er satt

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	7. I plankartet rår vi til at aktsemdkartet for flaum blir lagt til grunn for omsynssone flaumfare H320, dersom det ikkje er gjort meir konkrete vurderingar av flaumfaren. For mindre elvar og bekkar som ikkje vert fanga opp av aktsemdkartet for flaum, kan det setjast byggegrensa på 20 m til kvar side der det er krav om konkrete vurderingar. Grunnforhold: 8. Slik NVE les framlegg til plankart er aktsemdområde for områdeskred frå oversiktskartlegginga vist med omsynssone skredfare H310_4, medan tilhøyrande føresegn er gitt nemninga H310_2. Det er eit avvik som må rettast. Planframlegget har ikkje tatt omsyn til aktsemdområde for marin leire i områda som ikkje er kartlagt i oversiktskartlegginga, jf. aktsemdkart på NVE Atlas. Også i risiko- og sårbaranalysen (ROS) manglar det vurdering av områda utanfor areala som er kartlagt i oversiktskartlegginga. Areal som er tatt med i NVE si oversiktskartlegging er dei som er vurdert med størst potensiale for kvikkleire i kommunen. Kartlegginga friskmelder likevel ikkje områda i resten av kommunen, og kommuneplanen må ta omsyn til potensiell fare i heile kommunen. NVE har motsegn til planframlegget inntil det er gjort endringar som svarar for våre merknader ovanfor. 9. NVE gjer også merksam på at utbygging og inngrep i strandsona må vurderast særskilt i høve til fare for utgliding. Vi oppmodar kommunen om å sikra at det vert gjort vurderingar av skredfare i alle plan- og byggesaker der det er planlagt inngrep eller utfylling i strandsona. Fjellskred og fare for flodbølgje: 10. I framlegg til plankart er fare for flodbølgje vist med	langs vassdrag for å ivareta natur-, kulturmiljø og friluftsinnteresser. Desse 20-meterssonene er ikkje tatt inn i plankartet for her er det stor fare for ikkje å fange opp alle mindre bekker som ikkje er registrert i kartet der nærare utgreiing er naudsynt. Grunnforhold: 8. I plankart og føresegner er det no lagt inn 2 omsynssoner som har med grunnforhold. Den eine er H310_3 Aktsemdssone kvikkleire, som tilsvarar kartlag «Aktsomhet Kvikkleire» i NVE-atlas. I denne sona må det ved regulering og/eller før byggetiltak dokumenterast av fagkunng med geoteknisk kompetanse tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred. Den andre er H310_4 Aktsemdssone marin leire, som tilsvarar kartlag «Aktsomhet marin leire i NVE-atlas. I denne sona skal lokal stabilitet i grunnen vurderast ved at fagområdet geoteknikk skal ansvarsbeleggast ved omsøking av søknadspliktige tiltak med krav om ansvarsrett. 9. Følgande er tatt inn i føresegna under § 2.1.6: «Før ein kan sette i gang bygging og inngrep i strandsona som kan påverke grunnstabiliteten, skal det vere gjort vurderingar av skredfare, jf. NVE rettleiar 1/2019 kapittel 2.8.» Fjellskred og fare for flodbølgje: 10. Tekst under «H310_5 Flodbølgeoppskyllingssone» under § 7 i føresegna er oppdatert. Overvatn 11. I føresegna § 2.1.10 er det lagt inn korleis overvatn skal handterast i kommunen ved tiltak og regulering.

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	omsynssone skredfare H310_5, med tilhørende føresegn som sett krav til tryggleik for eventuelle tiltak skal dokumenterast i samsvar med krava i TEK17. Det kjem ikkje fram kva sannsyn for skred omsynssona viser, men NVE føreset at den viser fare med sannsyn større enn 1/1000 og mindre enn 1/5000. Dette er opplysningar som som bør komme fram i plandokumenta. Overvatn: 11. Plandokumenta har ingen reelle vurderingar for korleis kommunen skal sikre trygg handtering av overvatn byggeområda. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnett, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde. Vassdrag: 12. I framlegg til plankart er vatn med ein viss storleik regulert med arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag og underføremål Friluftsområde. Så langt vi kan sjå er det ikkje brukt same arealføremål på elvestrekningar med ein viss storleik. I framlegg til føresegner § 6 tilhøyrande arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag er det berre fastsett at sjøareala skal vere til allmenn bruk og at det ikkje er opna for akvakultur i området. Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv.	12. Kommunen har tatt inn større elve/bekke vassdrag i plankartet og regulert det med arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag. I § 6 i føresegna er det tatt inn kva som gjeld for vatn og andre større vassdrag med arealformål Bruk og vern av sjø og vassdrag. Byggegrenser mot vassdrag er oppdatert i føresegna § 2.1.6. 13. Kommunen har oppdatert § 2.1.6 i føresegna. No er byggegrensa mot vassdrag differensiert med 50 meter til vatn og andre større vassdrag som har arealformål Bruk og vern av sjø og vassdrag. 20 meters byggegrense er satt frå øvrige vassdrag for å ivareta natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser langs vassdrag. Kommune har bevisst brukt «sone» og ikkje «byggegrense» knytt til føresegn om krav om flaumutgreiningar for å unngå forvirring og missforståingar knytt til byggegrensa som er satt langs vassdrag for å ivareta natur-, kulturmiljø og friluftsinnteresser. 14. Kommunen viser til punkt 12 og 13. 15. Statnett si høgspenlinje med anleggskonsesjon gjennom Sykkylven er lagt med omsynssone H740 i plankartet. Mindre kraftledningsanlegg innanfor områdekonsesjon har fått eige arealformål i planen: «Trase for teknisk infrastruktur.

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	Generelt gjeld at utbygging tett inn til vassdrag bør unngåast. NVE rår til at alle vassdrag og vatn som er vist med flate i kartgrunnlaget (Statens kartverk) skal regulerast med arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande føresegner. Eksempelvis bør tilhøyrande føresegner setje krav til kantvegetasjon og byggegrense langs vassdrag for å sikre omsyn til vassdragsmiljøet. 13. Sjølv om det i framlegg til føresegner § 2.1.6 er fastsett byggegrense mot vassdrag, oppfattar vi at omsynet desse krava er sett for ikkje kjem eintydig fram. For å ta i vare vassdragsmiljø og allmenne interesser i vassdrag er det oftast naudsynt å sette byggegrenser i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleiksomsyn. Kommunen bør vurdere om byggegrense knytt til flaumfare også er tilstrekkeleg for å sikre vassdragsmiljøet, og om forbodsbeltet kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. 14. Planframlegget manglar viktige vurderingar i høve til fastsetjing av byggegrenser langs vassdrag og framstilling av vassdraga i plandokumenta. Vi rår til at alle vassdrag og vatn som er vist med flate i kartgrunnlaget (Statens kartverk) vert regulert med arealføremålet Bruk og vern av sjø og vassdrag og tilhøyrande føresegner. NVE fremjar motsegn til arealdelen inntil det er betre dokumentert kva som er grunnlag for fastsetjing av byggegrenser langs vassdrag, og at vassdraga kjem tydeleg fram av plankartet med eige arealføremål. Vassdrags- og energianlegg 15. Sjølv om omsynssone H740 er vist i både føresegner og teiknforklaringa til plankartet, kan vi ikkje sjå at dei aktuelle kraftleidningane og transformatorstasjonane er vist med same omsynssone i plankartet. NVE har motsegn til planen inntil det er synleggjort at vassdrags- og energianlegg som har	

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
		konsesjon etter energilova er regulert med omsynssone Bandlegging etter anna lovverk H740	
O10	Statens vegvesen	Ikkje motsegn. Utbyggingsområde: 1. BU1 Velledalen – rår på det sterkaste å ta dette ut av planen, grunna at det ikkje er lagt til rette for mjuke trafikantar langs eller over fv.60. Av trafikktryggleik vurderar SVV dette som ei uheldig plassering av nye bustader. Ligg tett inntil fv60. Ulemper frå vegtrafikk med omsyn til støy og støv. 2. BU3 Hundeidvik – må stillast krav om felles reguleringsplan. Ligg på begge sider av fv.5914. Sjølv om fylkesvegen har lite trafikk og lav fart kan tosidig busetnad by på utfordringar med tanke på både miljømessige forhold og trafikktryggleik. Nærleik til skulenn gjer at ein må sikre ei løysing for mjuke trafikantar som knytt delen aust for fv.5914 til skulen utan å krysse vegen. Ein trase for gang- og sykkelveg bør teiknast inn i plankartet slik at ein får avklart landbruksinteressene. Den bør leggst slik at den også skal tene SB12. Det må stillast krav til at heile område BU3 må planleggast i ei felles reguleringsplan. Naudsynte tiltak for å sikre trygg vegløyasing og trygg ferdsel for mjuke trafikantar sikrast gjennom rekkjefølgekrav Føresegner 3. § 2.1.4 Ber om presisering kva det inneber at godkjent køyreveg og gang- og sykkelveg skal vere etablert. 4. § 5 pkt 6 «Ved avkøyering direkte frå fylkesveg skal eksisterande avkøyrslar nyttast. Det skal ligge føre løyve til avkøyrslar jfr. veglova § 40. For kommunal veg skal det ligge føre avkøyrslar løyve frå kommunal vegmynde. For køyring på privat veg skal det ligge føre skriftleg vegrett frå heimelshavar (-ar) til	Utbyggingsområde 1. B1 (tidlegare BU1): NU vedtok i møte 15.11.2023 å halde på området vidare, men at grunneigar vart gjort kjemt med konsekvensane, som krav til reguleringsplan, skredfare/tryggingstiltak, krav om samordna avkøyrslar/tilkomst til område så grunneigar kan vurdere om dei vil halde på innspelet sitt. Grunneigar, Karn Lade, har eit ønske at området skal bli byggeområde til tross for utfordringane med området. 2. B3 (tidlegare BU3): Følgande er tatt inn i føresegna § 2.1.1: «For byggeområde BU3 i Hundeidvik må området på begge sider av fylkesvegen planleggast i ein felles reguleringsplan.» Følgande er tatt inn i føresegna § 2.1.4: «For byggeområde BU3 må naudsynte tiltak for å sikre trygg vegløyasingar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar sikrast gjennom rekkjefølgekrav i reguleringsplan.» Det blir ikkje sett av areal til gang- og sykkelveg no. Kvar denne eventuelt skal ligge må vere eit tema i reguleringsprosessen. Dette er tatt med inn i konsekvensutgreiinga. Føresegner 3. § 2.1.4: Følgande tilleggssetning er tatt inn: «I reguleringsplanprosessar for byggeområder skal det utgreiast og sikrast at dei ovanfor nemnde funksjonane er tilstrekkeleg etablert før bygging kan skje.» Vurder om dette er tilstrekkeleg.

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
		vegen.» Vurder å gjere om til opplysande retningslinje. 5. § 5 pkt 7 «Frådeling skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggegrense til offentlig veg: 50 m til fylkesveg, 15 m til kommuneveg og 15 m til gang- og sykkelveg. Alle avstandar målt frå midtline veg.» Vurder formulering nærare, jfr forhold til fylkeskommunale vedtak og lovverk. SVV er også usikker på kva som er meint med føreseigna. Slik ordlyden kan tolkast er det ikkje lov å opprette nye eigedomar nærare vegar enn dei generelle avstadskrava i veglova. SVV går utifrå at dette ikkje er intensjon og ber om at ein vurderer formuleringa nærare	4. §5 pkt 6 er gjort til opplysande retningslinje: <i>«Om avkøyrsløse ikkje er heimla i reguleringsplan eller kommuneplan etter plan- og bygningsloven, må avkøyrsløse frå offentlig veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyresmakt, jf. veglova § 40.»</i> 5. §5 pkt 7: Føreseigna er omformulert til å gjelde bygging og at byggegrenser vedtatt i plan/differensierte byggegrenser gjeld i tillegg til veglova §29: <i>«Byggetiltak skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggegrense til offentlig veg eller byggegrenser vedtatt i plan/differensierte byggegrenser langs fylkesveg.»</i>
O11	Møre og Romsdal fylkeskommune	Ikkje motsegn. MERKNADAR TIL KONSEKVENSGREIINGA FK synes KU er godt utforma og gjennomført. Automatisk freda kulturminne 1. Det bør klargjerast at det kan bli stilt krav til arkeologisk registrering innanfor område som ikkje har registrerte kulturminne frå før. Friluftsliv 2. Påpeikar manglande registreringar i kommunen og tynt kunnskapsgrunnlag. Rår til å følgje om Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø, på dette feltet. MERKNADAR TIL PLANFORSLAGET	MERKNADAR TIL KONSEKVENSGREIINGA Automatisk freda kulturminne 1. Følgande tekst er tatt inn på tema kulturminne på lokalitetane: «For område som ikkje har automatisk registrerte kulturminner frå før, kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering før utbygging kan skje eller i planprosess.» Friluftsliv 2. For områda som er vurdert i konsekvensutgreiinga så er delområde og verdi etter M-1941 rettleiar for konsekvensutgreiing for klima og miljø nytta for å vurdere påverknaden for friluftsliv. Ikkje alle tiltaka kunne plasserast i lista over delområde. MERKNADAR TIL PLANFORSLAGET Planfaglege merknadar

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	Planfaglege merknadar 3. Peikar på potensielle motsetnader mellom LNF-spreidd busetting og ambisjonane om jordvern i samfunnsplan. Kommunen bør vurdere heller å tenke fortetting. 4. Tydeleggjere kva reguleringsplanar som skal gjelde uendra, og kvar kommuneplanen gjeld framføre vedtekne reguleringsplanar. Slik FK har oppfatta det skal kommunedelplan for sentrum-lkornnes og straumgjerde fortsatt gjelde, kommunedelplan for Nysetra er under utarbeiding, og desse må merkast med omsynssone H910. Samfunns- og næringsutvikling 5. Rår til betre samsvar mellom prognosar for vekst og omfang av bustadareal. Samferdsel 6. Arealbruk Rår til å vere særst varsam med tilrettelegging for busetnad med lang veg til skule, butikkar og andre viktige funksjonar. 7. Peikar på at det ikkje er automatikk i etablering av nye tilkomstar langs fylkesvegnettet. BU1 Velledalen og BU3 Hundeidvik må ha krav om at køyretilkomst blir samordna med eksisterande avkøyrslar. Rår til same krav for BU4 Ramstaddal. 8. For ny utbygging som vil gi auka trafikk på Kursetvegen må det stillast rekkefølgjekrav om at sikt i kryssa til Fv 5914 blir utbetra i tråd med krav i N100. 9. Gjer merksam på at nye naust og frådeling av nausttomter krev avkøyrselløve.	3. Kommunen ønskjer å halde på områda med LNF spreidd busetnad som er lagt i utkantstroka i kommunen. I utkantane er det sporadisk behov for bustader. Å ha moglegheit til å frådele og bygge på eit avgrensa antall tomter innanfor desse områda, innanfor kriteria satt for desse områda i føresegna § 5.1, ser kommunen som ein fordel og kan for eksempel tale imot å gje dispensasjon til bygging i ordinære LNF områder. 4. Bruk av omsynssone H910: Kommunen synes å ha misforstått bruken av omsynssone H910 i kommuneplanen. Slik kommunen har bruk denne sona er å vise kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Slik kommunen no forstår det så skal sone H910 nyttast der reguleringsplanar skal gjelde uforandra, sjølv med motstridande føresegner/arealformål i kommuneplanen. Kommunen har difor tatt ut bruk av sone H910 i kommuneplanen og heller presisert i § 9 i føresegna at: <i>«Vedtatte reguleringsplanar innanfor kommuneplanområdet skal framleis gjelde så langt regulerte planformål ikkje er i motstrid med planformålet i kommuneplanen. I dei tilfella gjeld kommuneplanen føre. Kommuneplanen utfyller reguleringsplanar på punkter der reguleringsplanen er taus.»</i> Når det gjeld kommunedelplanane i kommunen så ser ikkje kommune grunnen til å nytte H910 på desse områda i kommuneplanens arealdel. Planområdet til kommuneplanen er avgrensa inntil desse kommunedelplanane og inngår slik ikkje i planområdet. Samfunns- og næringsutvikling 5. Attraktive tomter er eitt av fleire verkemiddel for å legge til rette for ei utvikling i kommunen som kan motverke prognosen for folketalsutvikling. Det er viktig å kunne tilby eit variert spekter av bumoglegheiter.

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	10. Støy – bustadareal innan gul støysonen bør avklarast på kommuneplan, ikkje utsettast til reguleringsplan 11. BU1 Velledalen – er dette arealet tilstrekkeleg stort dersom det planlagt gang- og sykkelveg vert realisert? 12. Skuleskyss – kommunen bør gjere ei objektiv vurdering av trygg skuleveg og evt krav om fri skuleskyss for nye bustdareal. 13. Reguleringsarbeid med Juva bru er i gang og det må ikkje bli tilrettelagt for arealbruk eller tiltak som er egna til å komme i konflikt med FK sin planlegging her. 14. Føresegner 2.1.3 – Støy. Legg til at grenseverdiane i T-1442 skal gjelde. 15. Ber om at ein under folkehelse /mjuke trafikantar – ønsker krav om at problemstillingar skal drøftast, ikkje berre gjerast greie for. Automatisk freda kulturminne 16. Ber om presiseringar i plankart og føresegner som tydelegjer omsyn til kulturminne i vidare planarbeid. Konkrete framlegg til endringar. Marine kulturminne 17. Generelle opplysningar om plikter og handsaming av tiltak i/ved sjø. Barn og unge 18. Generelle opplysningar om fokus på barn og unge i plansaker.	Mykje av busettinga innanfor planområdet er spreidd busetting eller små klynger eller felt. Ut frå eit mål om busetting i heile kommunen, der varierte bumoglegheiter vert vurdert som ein attraktivitetsfaktor, er det lagt mindre vekt på direkte kopling mellom behov og da areal. Samferdsel 6. Takast til vitande. Politikarane har eit ønske om at for eksempel B1 (tidlegare BU1) takast inn som bustadområde til tross for utfordringane som er mellom anna med tilkomst, gangtilhøve for mjuke trafikantar. 7. Det er lagt inn i føresegnene § 2.1.4 at «Avkøyrslar til bustadområde BU1 og BU3 må samordnast med eksisterande avkøyrslar frå fylkesvegen». 8. Kommunen ønskjer ikkje å legge rekkjefølgekrav for kommande utbygging for å stette krav om friskt i eksisterande offentlege kryss. Dette kan handterast med heimel i veglova. Kommunen har hausten 2024 sikra friskta i krysset Kursetstranda- fv.5914 i dialog med grunneigar. 9. Takast til vitande 10. I bustadområde som ligg i støysoner, så blir ikkje evt avbøtande tiltak avklart i kommuneplanprosessen, dette må forslagsstillar ta i reguleringsplanen. Støy blir eit av vurderingstema om ein anbefaler om eit område er egna til bustad. 11. Med gang- og sykkelveg i 60 sone forbi BU1 så er arealbeslaget på 8 meter frå vegkant. Med 15 meters byggegrense frå midt gs-veg så er det kommunen sin vurdering at sjølv med ein framtidig gang og sykkelveg forbi BU1 så vil det vere mogleg å

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
			bygge bustader på området. Kommune tar likevel forbehold at det også er andre faktorer som kan påverke om området er egna til bustadbygging. Om fylkeskommunen står på at 50 meter er byggegrensa ein må overholde så er det ikkje mogleg å sette opp bustad innanfor BU1. 12. For området der bustadområde B1 ligg i Velledalen, har Statsforvaltaren gjort vedtak at det er farleg skuleveg, så er får elevar friskuleskyss. I andre tilfelle må deg gjerast individuelle og spesifikke vurderingar utifrå fleire forhold. Dette gjerast når det er ein konkret søknad om fri skuleskyss kjem til kommunen. Kommunen vurderar difor at krav om fri skuleskyss ikkje kan eller skal avgjerast i kommuneplanen. 13. Det blir ikkje gjort arealendringar i nærleiken av Juva bru 14. Støy: I § 2.1.3 og § 7 er det lagt til at grenseverdiane for støy i T1442 skal oppfyllast. 15. Folkehelse/mjuke trafikkantar: Punktet i § 2.1.3 er oppdatert. Automatisk freda kulturminne 16. Ønska føresegnar knytt til H570 og H730 er lagt inn under § 7 i føresegnene. Ønska tillegg i fellesføresegnene er lagt inn i § 2.1.8. Omsynssone H730 og H570 (fått fil frå kulturavd) er lagt inn i plankartet. Marine kulturminne 17. Takast til vitande Barn og unge 18. Takast til vitande
O12	Stasforvaltaren	Motsegner:	Planfagleg merknad 1. Takast til vitande

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	-Føresegner til LNF-spreidd utbygging sikrar ikkje landbruksinteressene tilstrekkeleg -Manglande vurdering bak fastsett byggegrense 20 m i strandsona Grensa er ei vidareføring av gjeldande plan. Statsforvaltaren krev ny vurdering før vidareføring av noverande grense. -Manglande føresegner knytt til spreidd naustbygging Tal naust innanfor områda for spreidd naustbygging (i Hundeidvik) manglar i føresegnene. -FT3 Hundeidvik av omsyn til strandsoneinteresser -Manglande omsyn til vassdragsmiljø -ROS-analysen er mangelfull og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit i analysa er ikkje tilstrekkeleg Planfaglege merknadar - Godt nøgd med tilbakeføring til LNF, klimagevinst og ingen nye byggeareal i konflikt med naturmangfald. - Vil ikkje anbefale spreidd utbygging, men ut frå avgrensa omfang vil dei ikkje gå mot forslaget. - Saknar vurdering av om reguleringsplanar som framleis skal gjelde oppfyller regionale og nasjonale interesser.	- Takast til vitande - Bruk av omsynssone H910: Kommunen synes å ha misforstått bruken av omsynssone H910 i kommuneplanen. Slik kommunen har bruk denne sona er å vise kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Slik kommunen no forstår det så skal sone H910 nyttast der reguleringsplanar skal gjelde uforandra, sjølv med motstridande føresegner/arealformål i kommuneplanen. Kommunen har difor tatt ut bruk av sone H910 i kommuneplanen og heller presisert i § 9 i føresegna at: <i>«Vedtatte reguleringsplanar innanfor kommuneplanområdet skal framleis gjelde så langt regulerte planformål ikkje er i motstrid med planformålet i kommuneplanen. I dei tilfella gjeld kommuneplanen føre. Kommuneplanen utfyller reguleringsplanar på punkter der reguleringsplanen er taus.»</i> Landbruk - Takast til vitande B4 (tidlegare omtalt som BU4): NU vedtok i møtet 15.11.2023 å ta ut BU4 som byggeområde i kommunedelplanen. ABA1 Riksheim (tidligere NÆ2/SN2): Tiltakshavar har behov for eit lagerbygg i samband med vedproduksjon/lagring. Størrelse 100 m2. Kommunen ønskjer å sette av området til dette i kommuneplanen og ikkje næring som det tidlegare er spesifisert til. Kommunen ser at det er uheldig å legge opp til næringsformål i kommuneplanen som over tid kan utvikle seg utanfor rammene som opphavleg låg til grunn frå kommunen si side. Området er redusert og trekt utav dyrka mark. Området som no er avsett er vegareal og oppstillingsplass.

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	Det må vere tydelegare kva reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Landbruk 4. Særs godt nøgd med gjennomført «planvask», dvs uaktuelle byggeareal i gjeldande plan er tilbakeført til LNF. 5. BU4 Ramstaddal (motsegn) – jordvern 6. NÆ2 Riksheim (motsegn) – jordvern 7. LNF-spreidd utbygging Lokaliseringskriterium for LNF spreidd bustad/næring/dritid vert meir presisert for å hindre uheldige konsekvensar for landbruksnæringa og matproduksjon. Blant anna at bygging ikkje skal skje på dyrka mark, samt større samanhengande område av dyrkbar jord. Det må fastsettast byggegrense på 30 meter mellom bustad/fritidsbustad og dyrka jord for å redusere miljømessige ulemper som støy-, støv- og luktplager for bebuarar og driftsulempar for bonden. Motsegn fram til desse momenta inngår i føresegnene til LNF-spreidd utbygging. 8. SB19 Velledalen – støttar landbruksvurderinga om det er uheldig med etablering av bustadar på dyrkbar jord. 9. NA1 Erstad – eventuell tilkomstveg må ikkje leggjast på dyrka mark. Strandsone 10. I føresegna 2.1.6 er det fastsett byggegrense mot sjø på 20 meter. Statsforvaltaren er ikkje kjent med at kommunen har gjort vurderingar om det er grunnlag for å differensiere byggegrense mot sjø. Det har gått over 10 år sida vedtak av førre kommuneplan. Ei slik vurdering må ligge til grunn før ei	NU vedtok i møtet 15.11.2023 å redusere storleiken på området så det ikkje berører dyrka jord. LNF-spreidd næring blir endra til formålet «andre typer bebyggelse og anlegg» med spesifisering om lagerbygg. Området må regulerast samstundes som RO5. 7. Føresegner til LNF-spreidd utbygging Med slike strenge restriksjoner mot bygging på, og inn mot dyrka mark, så ekskluderer dette store områder innanfor noverande område sett av for spreidd utbygging i kommuneplanforslaget. For nokon områder med spreidd utbygging vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre noko bygging etter intensjonen i kommuneplanen grunna at alt areal er definert som dyrka mark. Dette vil gjere seg gjeldande for LSB15, LSB16, LSB20 i Velledalen og LSN1 på Aurdal. Ei restriktiv arealpolitisk haldning til nedbygging av landbrukets produksjonsareal, både dyrka og dyrkbar jord og ein nullvisjon for nedbygging av verdifulle jordbruksareal i kjerneområde landbruk er hovedmålet i jordvernstrategien vedtatt november 2023. Slik kommunen vurderer det så vil ikkje all dyrka mark vere praktisk egna for drift og matproduksjon. Kommunen vurderer at det for områda som er sett av til spreidd utbygging må det vere nok realistisk areal for å tilby dei få utbyggingane føresegna legg opp til innanfor kvart område. For kommunen er det viktig å kunne tilby areal for enkelttomter i utkantstrøka i kommunen slik at busetninga her kan oppretthaldast. Slik kriteria blir for spreidd bustad blir med motsegna til Statsforvaltaren så vil det vere krevande å tilby denne moglegheita. Kommunen ønskjer å omformulere Statsforvaltar sitt forslag til ny føresegn slik at dei definerte viktige produksjonsareala innanfor kjerneområda for landbruk ikkje kan byggast på og dei får ein buffer til ny utbygging. Viktige produksjonsareal er

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	eventuell vidareføring av 20 meter. Motsegn til dette er gjort. 11. Oppfordrar kommunen å vurdere om nokre område for spreidd naustbygging kan tilbakeførast til LNF for å sikre meir strandsona til ålmenta i Hundeidvik. 12. FT3 Hundeidvik. Foreslått omdisponert frå naust spreidd til fritids- og turistføremål. Sterkt utbyggingspress langs strandsona i Hundeidvik. I tillegg er det både eksisterande og planlagt bustadområde i bakkant som vil ha glede av tilgang til og kunne opphalde seg i strandsona. I dag er det berre bygd eit naust innanfor dette arealet. Det kan og sjå ut som ei lita strand som kan ha allmenn interesse. Motsegn av omsyn til strandsonerinteresser. Natur og miljøvern 13. SN3 Blindheim. Viser til sti til Borgundkollen. Utbygging vil punktere naturområde. Rår til å ta området ut av plan. Vassdrag 14. 20 meters byggegrense kan vere knapt. Kommunen bør differensiere av byggegrense basert på ulike kvalitetar knytt til vassdraga. Større vassdrag må visast i plankartet med føremål bruk og vern av sjø og vassdrag, med føresegnar som sikrar almenne intresser og kantvegetasjon. Unntak for mindre byggetiltak må takast ut av føresegna. Samfunnstryggleik og klimatilpassing Presiserer skilnaden mellom krav om heilskapleg ROS-analyse heimla i sivilbeskyttelseslova og krav om ROS-analyse heimla i plan- og bygningslova. Dei to analysane skal oppfylle ulike krav. Ser at	definerte avgrensingar i kart for kjerneområde landbruk. Ei slik formulering vil gjere at ein bevarar dei viktige produksjonsareala og kan behalde dei noverande områda for spreidd utbygging i kommuneplanen med meir realistiske arealalternativ for den avgrensa spreidde utbygginga. Punktet er tatt inn i føresegna § 5.1 2). 8. NU vedtok i møtet 15.11.2023 å behalde LSB19 (tidlegare SB19) som byggeområde i kommunedelplanen. 9. NA1 Erstad (No NA8) – Dette er lagt inn i føresegna § 2.1.9. Strandsone 10. Kommunen vurderer at ein for byggeområder bør trekkje byggegrensa til 50 meter unna strandlinja om ikkje anna er bestemt i reguleringsplan. Der offentlig veg går nærare strandlinja enn 50 meter, følger byggegrensa veglinja. I områder der det er avsett til bygging vurderer kommunen at 50 meter er tilstrekkeleg for å oppnå ein avstand til strandlinja for å redusere blant anna privatisering. Føresegna § 2.1.6 er oppdatert. 11. Kommunen har videreført FT3 Hundeidvik i det oppdaterte planforslaget. Kommunen har så valgt å ta bort de spredde naustområdet SN4 som strekte seg inn til det kommande rorbuområdet RO4 nord for Fischtec. Ei strandlinje på 160 meter er derfor foreslått tilbakeført til LNF-formål. 12. FTU3 Hundeidvik (tidlegare FT3) NU vedtok i møtet 15.11.2023 å behalde FTU3 som byggeområde i kommunedelplanen. Området FTU3 er i dag del av eit område for spreidd naustbygging. Innanfor FTU3 er det i dag tre frådelte ubebygde nausttomter. Visjonen til forslagsstillar er å kunne ta i bruk området til utleiehytter. Det er eit ønske om å fremme turisme i kommunen. Å sikre

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	kommunen på sett og vis har samordna desse to analysane. 15. Heilskapeleg ROS 2022:Peikar på nokre manglande oppdateringar og avklaringar jfr oppdatert kunnskapsgrunnlag og regelver. ROS-analyse er mangelfull her. Det er viktig at kommunen nyttar oppdatert kunnskapsgrunnlag i arbeidet med samfunnstryggleik i arealplanlegginga. Statsforvaltaren forventer ikkje at kommunen oppdaterer sin heilskapeleg ROS-analyse i samband med arbeide med kommuneplanen sin arealdel, men kommunen må sikre at ROS-vurderingane i planomtalen under samfunnstryggleik og KU nyttar oppdatert kunnskapsgrunnlag ROS-analysen er mangelfull. Kommune må dokumentere at analysen tek omsyn til oppdatert kunnskap om risiko og sårbarheit for planområdet. 16. Statsforvaltar viser vidare til diverse manglar i plankart og føresegnar knytt til omsynssoner for skred og flaum. Konkluderer med at ROS-analysen og oppfølging av funn i ROS-analysen er mangelfull. Plankartet må oppdaterast med aktuelle omsynssoner (jord-og flaumskred, flaum, område-skred og rett kartkode for område-skred av kvikkleire. Tilsvarande må plankart oppdaterast med 5000 årsskred dersom dette ikkje er teikna inn. NVE sitt nye aktsemdkart for snøskred må nyttast. ROS-analysen og plankartet må oppdaterast og inkludere relevante omsynssoner. 17. Minner om at reell fare skal avklarast seinast på siste plannivå. Planføresegnene § 2.1.1 skildrar nokre tiltak som ikkje krev reguleringsplan. Ei føresetning for å sleppe reguleringsplan må vidare vere at tiltaket ikkje er planlagt i område med potensiell fare. Kommunen kan heller ikkje opne opp for frådelling i område med potensiell fare, jf. § 5,12) i planføresenene.	overnattingstader er eit av grepa i masterplanen for reiselivet. Det er i dag lagt ned ein stor innsats for å skape aktivitet som tiltrekker seg både lokale og tilreisande til Huneidvik. Huneidvik klatrepark, med aktivitetar for heile familien er etablert ved Huneidvik privatskule. Kommunen vurderer at eit framtidig arealformål og prosjekt på FT3 som vil vere retta mot utleigehytter for turistar vil vere positivt for Huneidvik og kommunen, samt i trå med masterplanen og pågåande omstillingsarbeid. Utleigehyttene som blir plassert i strandsona vil privatisere området meir enn det er i dag og om det er naust som blir bygd. Det må difor vere ein føresetnad at utbygging må skje slik at passasje og moglegheit for opphald for ålmenta langs strandlinja blir sikra. Eit prosjekt som bygger igjen og stenger heilt av nedre del av strandsona vil vere negativt. I denne prosessen har også Statsforvaltaren moglegheiter til å legge føringar og innspel. Stranda som Statsforvaltaren nemner i si fråsegn er eit område med mindre rullestein som i utgangspunktet kan ha sin misjon som oppholdsstad for ålmenta. Denne mindre rullesteinen fortsette ikkje ut i vatnet, så det er på den måten ikkje ein så attraktivt stad å nytte til for eksempel bading. I kva grad dette området blir nytta av ålmenta i dag er ikkje kartlagt, men det er kommunen sin vurdering at det er andre stader langs Kursetstranda som er meir egna og meir attraktivt for ålmenta sin bruk. Forslagsstillar trekk også fram ei badestrand 700 meter frå FT3 i sin argumentasjon. For å ta bort noko av utbyggingspresset på strandsona i nærleiken så foreslår kommunen å ta ut eksisterande område for spreidd naustbygging SN4 og tilbakeføre det til LNF. Sykkylven kommune ønskjer at Statsforvaltaren skal vurderer området på nytt med tanke på å sette dette av til fritid- og turistformål i kommuneplanens arealdel og oppmodar om at motsegna på området FTU3 blir trekt. Viser også til tidlegare brev der Natur og miljøvern

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
	18. I plankartet visast faresone for 1000-årsstormflo, inkludert havnivåstiging. Til faresona er det knytt føresegnar som skildrar faren og krav for eventuelle tiltak innanfor sona. Slik dei les så tar denne ikkje omsyn til lokale vind- og bølgeforhold. Faresona er potensielt misvisande ettersom reel stormflore kan nå høgare kote enn 2,7 når ein inkluderer lokale vind- og bølgeforhold. I § 2.1.6 i føresegn er det sett krav til tryggleik for bygg mot sjø som skal sikre tiltaka mot både stormflore og flodbølgefare. Det kan sjå ut som minstekotene for F1/S1 og F2/S2 tiltak i føresegna gjev ein margin som kan ta høgde for lokale vind- og bølgeforhold. 19. Delar av Sykkylven er utsett for 1000- og 5000 årsflodbølge som følgje av fjellskred frå Åkneset vi kan ikkje sjå av planføresegna med kartkote H310_5 om omsynssona for flodbølge dekker 1000 årsbølge eller 5000-årsflodbølge. Dette må komme fram i føresegna, og det blir rådd til at omsynssona dekker 5000-årsflodbølge. Støy 20. Rår til at det vert lagt inn omsynssoner for støyande verksemdar som masseuttak og eventuelle areal for motorsport eller skytebanar. 21. BU1 Velledalen: Ein liten del ligg i raud støysone, resten i gul støysone. Rår kommunen til å ta området ut av plan.	13. LSN3 (tidlegare SN3) NU vedtok i møtet 15.11.2023 å behalde LSN3 som byggeområde i kommunedelplanen. Det vart i september 2023 gjeve dispensasjon til å sette opp ei driftsbygning/stølsbu til bruk i landbruket innanfor området. I vedtaket sa nærings- og utviklingsutvalet at dei ser positivt på utvikling av stølsområdet og moglegheiter til tiltak innanfor landbruk pluss. Det er difor allereie gjeve løyve til bygging innanfor området. Utbygginga vil vere avgrensa til 3 einingar og snøskredfare er avklart i samband med dispensasjonssaka i september 2023. Vassdrag 14. Kommunen har oppdatert § 2.1.6 i føresegna. No er byggegrensa mot vassdrag differensiert med 50 meter til vatn og andre større vassdrag som har arealformål Bruk og vern av sjø og vassdrag. 20 meters byggegrense er satt frå øvrige vassdrag for å ivareta natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser langs vassdrag. Kommune har bevisst brukt «sone» og ikkje «byggegrense» knytt til føresegn om krav om flaumutgreiningar for å unngå forvirring og misforståingar knytt til byggegrensa som er satt langs vassdrag for å ivareta natur-, kulturmiljø og friluftsinnteresser. Kommunen har tatt inn større elve/bekke vassdrag i plankartet og regulert det med arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag. I § 6 i føresegna er det tatt inn kva som gjeld for vatn og andre større vassdrag med arealformål Bruk og vern av sjø og vassdrag. Følgande formulering er tatt ut av føresegna § 2.1.6:

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
		<i>Tilrettelegging for friluftsliv og åmenta sin tilgang, til dømes tursti, fiskeplass, enkel gapahuk og liknande, er unntatt byggegrensa, forutsett at tiltaka ikkje i vesentleg grad forringar kantvegetasjonen.</i> 15. Kommunen har hatt ein gjennomgang av Heilskapeleg ROS frå 2022 og oppdatert blant anna referansar og innhald slik at analysen er oppdatert. 16. Kommunen har tatt ein gjennomgang og oppdatering av omsynssonene i plankartet for skred og flaum med tilhøyrande føresegner. Sjå også kommentar 4-10 under NVE sine merknader. 17. Det er lagt til ei tilleggssetning i § 2.1.1: «Tiltaket kan ikkje ligge i område med potensiell fare.» § 5.1 punkt 13 er oppdatert: «Det er ikkje tillat med frådeling eller bygging innanfor risikoutsett areal.» 18. Talla for stormflofare i § 2.1.6, er no oppdatert og inkluderer ikkje vind- og bølgepåverknad. Kva som er den lokale vind- og bølgepåverknaden vil varier i kommunen og er vanskeleg og generalisere. Det er lagt til at ein må legge til bølgepåverknad som ein faktor på kotehøgde på stormflo. Sona i plankartet for stormflo er tatt ut av plankartet grunna at det er vanskeleg å gjengje ei nøyaktig sone når ein har ein variable faktor som bølgepåverknad. 19. Talla for flodbølgefare frå Åknes er oppdatert i § 2.1.6. Det er i kommunedelplan for Sentrum-Ikornnes og planforslaget som var til høyring vore lagt til grunn kotehøgde for Åknesraset i Sykkylvsfjorden medrekna havnivåstigning til 2100. I rapporten frå 2011 «Scenario og prognoser for fjellskred og flodbølger frå Åknes og Hegguraksla», er det også oppgitt anbefalte

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
			oppskyllingshøgder for Ramstaddal og Hundeidvik. Desse vurderer kommunen vil representere planområdet i kommuneplanen betre enn høgden for Sykkylvsfjorden, så i kommuneplanen er det lagt til grunn oppskyllingshøgden for Ramstaddal medrekna havnivåstigning til 2100 for tryggleiksklasse S2 og S3 i oppdatert planforslag. Kommunen vurderer det som mest hensiktsmessig å ta ut omsynssona for flodbølge og heller la føreseigna vere bestemmende, slik som for stormflo. 20. Det ligg støysoner rundt motorcrossanlegget i Hundeidvik. 21. B1 (tidlegare BU1): NU vedtok i møte 15.11.2023 å halde på området vidare, men at grunneigar vart gjort kjemt med konsekvensane, som krav til reguleringsplan, skredfare/tryggingstiltak, krav om samordna avkøyrsløp/tilkomst til område så grunneigar kan vurdere om dei vil halde på innspelet sitt og støy. Grunneigar, Karn Lade, har eit ønske at området skal bli byggeområde til tross for utfordringane med området. Området blir difor med vidare.
O13	Sykkylven Energi AS	Merknaden går ut på å innarbeide i føresegnene at VA norm/Norsk Vannstandard skal vere gjeldande for Sykkylven kommune. Dei har laga ei mogleg formulering som kan takast inn: «Norsk Vannstandard, VA-norm eller andre bestemmelsar, som gjeld på tidspunktet for søknad om ramme- eller eit trinnslyve, skal leggjast til grunn for opparbeiding av vass- og avløpsløyser. Kommunen kan gjere unntak frå krava i Norsk Vannstandard, VA-norm eller andre bestemmelsar ved behandling av søknad om byggeløyve.»	Føreslått formulering er tatt inn i føreseigna § 2.1.9 Teknisk infrastruktur.

	Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
--	-----------------------------	-----------

Private

(nummerering fortsetter ifrå vurderinga av innspel til oppstart)

P27	Sven Amund Skotheim	Ønskjer område for fritids- og turistformål på gnr.55 bnr.3 i Hundeidvik, nord for Gjeveneset. Hovudplanen er å sette opp bygningane nedanfor verkstaden, mellom eksisterande naustrekke og elv, men tenkte også å ta med området han eig på andre sida av elva som ikkje er dyrka mark.	Opphavleg ønska forslagsstillar å strekke arealet også nord for bekken i ved strandlinja. Kommune vurderer at tiltaket bør avgrensast til sør for bekken. Delar av området er i dag avsett til naust. Om ein avsetter området nordover til bekken/ til fritids og turistformål blir det ei utviding av byggeområdet inn på det som i dag er LNF. Det blir og ein anna bruk av området enn kva som er å forvente med naustbygging. Det blir meir privatiserande bruk av området nær strandsona med utleigehytter eller liknande. Kommunen har tidlegare i planprosessen vore positiv til eit område for fritid- og turistformål lenger nord langs Kursetstranda (FTU3), med grunngjeving i at det er i tråd med masterplan for reiseliv og at ein ser behovet for overnattingsstader for turisme i Hundeidvik i framtida. FTU3 har fått motsegn frå Statsforvalteren på grunn av sterkt utbyggingspress langs strandsona i Hundeidvik og at det er bustadområde i bakkant som vil ha glede av tilgang og kunne opphalde seg i strandsona. Dette området har ein litt anna karakter enn FTU3. Området ligg i ei forlenging av den lett tilgjenglege og meir ålment attraktive strandlinja sør for Hundeidvik fergekai. Samstundes som ein noko lenger sør støter på sandkaia til Huna sand. Området ligg i eit meir åpnare terreng og i avstand til offentleg veg, noko som kan vere positivt med tanke på moglege problemstillingar knytt til trafikkavvikling/parkering inn mot offentleg veg. Som ved FTU3 så ligg det bustadhus i nærleiken. Eit nytt utleigeområde for hytter i Hundeidvik kan legge til på inntrykket av at det er utbyggingspress i strandsona i Hundeidvik. Sidan ein har fått motsegn på FTU3 kan ein tenke seg at ein også vil få dette på FTU5. Å behalde begge kan vere vanskelig å argumentere for vidare i planprosessen. Konklusjon: Administrasjonen avventer politisk behandling i NU før ein
-----	------------------------	---	---

		Høyringsuttalar, oppsummert	Kommentar
			konkluderer i saken. (Sjå KU)
P28	Hundeidvik idrettslag	Ønskjer å sette av område som omfattar allereie nytta området til klatrepark, minigolf og sykkelbane + eit større område som gjev moglegheit for framtidig utvikling etter idrettslaget ønskjer og behov. Det kan vere temaparker, sykkelstier, ulike former for idrettsbaner og liknande som vil passe inn under overordna formål som er satt som fritids- og turistformål.	Området rundt Hundeidvik privatskule og fotballbane har vore gjennom ein gradvis utbygging med forskjellige aktivitetar. Klatrepark, sykkelbane, minigolf. Utbygginga har i stor grad hittil vore løyst med dispensasjonar. Initiativtakarane ønskjer no å få sikra areal for framtidig utviding av aktivitetsparken og få regulert området gjennom ein detaljregulering. Avgrensinga i planen er i stor grad som foreslått frå forslagsstillar, men er tilpassa noko for å ligge utanfor registrerte myrområder. På reguleringsplannivå vil det vere naturleg at dette blir eit område for fornøylespark/temapark som er eit underformål til Fritids- og turistformål. Men det må ein komme tilbake til i reguleringsarbeidet. Området blir tatt inn i planforslaget som framtidig fritids- og turistformål. (Sjå KU)
P29	Jostein Eldar Løseth	Ønskjer moglegheit til meir parkering ved Litlevatnet. Dagens parkeringsmoglegheiter er svært begrensa og med dårleg trafikktryggleik. Ønskjer at det kan etablerast parkeringsplass på venstre side av fylkesveg 5916 når ein køyrer mot Ramstaddal.	Det er i dag eit lite område som nyttast til parkering av biler. Det er på initiativ frå grunneigarane å auke parkeringskapasiteten for ålmenta slik at ein auker kapasiteten slik at fleire kan nytte turstiane i området. Om parkeringsplassen skal realiserast må det på plass gode løysingar som gjer området trafikktrygt både for dei som skal parkere og andre som køyrer på fylkesvegen. Ein er her også avhengig av avkøyrsløyve frå veglova og dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag. Området blir tatt inn i planforslaget som framtidig parkeringsplass (sjå KU).